



Parhestane og fotografane Atle Helland og Ivar Langeland har i kveld starta sitt fotokurs nummer 20 og det sjuande i Uskedalen. Det går over 15 timar fordelt på 3 dagar. Duoen har denne gongen skifta kurs-stad frå Gamleskulen til vertshuset og kurset er det første arrangement etter eigarskiftet. I morgon kjem det andre, då blir ein 75-årsdag feira der.



Det er 11 deltakarar i fotokurset. Frå venstre og rundt bordet sit Elisabeth Haugland, Sandvoll, Inger Hjørnevig, Utåker, Hanne Dale Arnesen, Husnes, Unni Rambjørg, Rosendal, Geir Marken, Rosendal, Steinar Haugan, Valen, Hans Gustav Musstrand, Uskedalen/Stord, Hanna Haugan Solheim, Valen, Inger Beate Saghaug, Sunde, Beate Ullmann, Valen og Mona Enes, Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I fotokurset deltek 11 og det er ein ideell størrelse på elevflokken frå ein pedagogisk synsstad.
8 av deltakarane er kvinner og det er typisk, påpeikar Atle og Ivar og held fram:
- Mennene er ikkje så interesserte i å gjennomgå eit kurs som dette.

Dei er i større grad enn kvinnene opptekne av utstyr og tekniske finessar enn av motiv. Ofte er det da også kvinnene som tek dei beste bileta.

Det er til dømes typisk at dei har meir sans for detaljar enn mennene, seier dei to fotografane, som stort sett har hatt det same kursopplegget sidan dei starta i 2007. Det er praktisk og fengande og dei 2 kan leksa si.

Det offisielle namnet på kurset er 'kurs i digital fotografering og bildebehandling' og ikkje minst er det ein kan læra om det som kan gjerast i foshop interessant og spennande.

Dei digitale mogelegheitene er svært store også etterat biletet er teke. Til dømes kan ein slå på lyset på ein traktor eller tenne på eit hus. Men ein tredje mogelegheit er nok meir aktuell: Hvis ein konfirmant mangla den dagen kullet vart fotografert, er det enkelt å triksa han inn!

Eit av dei gode råda av meir fototeknisk natur som Helland og Langeland kom med var dette: Kjøp berre eitt objektiv i tillegg til kamerahuset. Det held med 18-200, for det dekkjer dei fleste behov og kostar berre 1700 kroner.

Av Ola Matti Mathisen



Atle Helland, her i dobbel utgåve, presenterer eit friskt sportsbilete han er meister for. (Foto: Ola Matti Mathisen)